

Beredskapsplanlegging for vêrutsette strekningar

Målet med tilsynssaka var å undersøke om Statens vegvesen, Region vest sikrar eit oppdater og relevant planverk for beredskap på vêrutsette strekningar.

REGELVERK

Er det utarbeidd eit planverk som omfattar beredskapen på vêrutsette strekningar?

Regionen skal ha ein regional trafikkberedskapsplan som omfattar beredskap på vêrutsette strekningar.

Regionen skal ha lokale trafikkberedskapsplanar som omfattar beredskap på vêrutsette strekningar.

Regionen skal ha lokale instruksar for stenging og kolonnekøyring for kvar einskild vêrutsette strekning som kan verte midlertidig stengd eller kolonnekøyrd.

Regionen skal ha beredskapsplanar for fastkøyrd kolonne for kvar einskild vêrutsette strekning som kan verte midlertidig stengd eller kolonnekøyrd.

Sikrar regionen at beredskapsplanane vert etterlevd?

Regionen skal sørge for at alle involverte er kjend med beredskapsplanane for evakuering av fastkøyrd kolonne og dei rutine som skal følgast.

PROBLEMSTILLINGAR

Er det utarbeidd eit planverk som omfattar beredskapen på vêrutsette strekningar?

Sikrar regionen at beredskapsplanane vert etterlevd?

UNDERSØKTE STREKNINGAR

- Ev 16 Filefjell, strekninga Maristova – Tyinkrysset
- Rv 7 Hardangervidda, strekninga Leiro – Haugastøl
- Rv 13 Vikafjell, strekninga Storehaug – Hola
- Rv 52 Hemsedalsfjellet, strekninga Borlaug – Bjøberg

FUNN

Tilsynssaka viste at Region vest stort sett har eit oppdatert og relevant planverk for beredskap på vêrutsette strekningar.

Vegtilsynet fann at regionen:

- har utarbeidd regional trafikkberedskapsplan
- ikkje har utarbeidd lokale trafikkberedskapsplanar
- har lokale instruksar for stenging og kolonnekøyring for dei undersøkte strekningane
- har beredskapsplanar for fastkøyrd kolonne for dei undersøkte strekningane

- har ein praksis for å sikre at alle involverte er kjend med beredskapsplanane for evakuering av fastkøyrd kolonne og dei rutine som skal følgast, men at det ikkje alltid føreligg dokumentasjon på at denne praksisen er følgt.

Vegtilsynet fann eitt avvik og gjorde ein observasjon.